

«f1»
«f3»
«f4»
«f5» «f6»

Vedtak i namnesak, varsel om ny adresse: GAMLE KAUPANGSVEGEN

Syner til tidligare informasjonsbrev angående vedteken adressenamn på adresseparsell 15090 – Gamle Kaupangsvegen.

Med heimel i Matrikkelova § 21, er dykkar eigedom tildelt ny adresse:

Ny adresse	Gbnr
Gamle Kaupangsvegen 31	1/20/0/0
Gamle Kaupangsvegen 67	1/21/0/0
Gamle Kaupangsvegen 69	1/19/0/0
Gamle Kaupangsvegen 80	1/1/0/1
Gamle Kaupangsvegen 105	1/22/0/0
Gamle Kaupangsvegen 134	1/47/0/0
Gamle Kaupangsvegen 141	1/7/0/0
Gamle Kaupangsvegen 142	1/209/0/0
Gamle Kaupangsvegen 153	1/260/0/0
Gamle Kaupangsvegen 154	1/10/0/2
Gamle Kaupangsvegen 155	1/10/0/1
Gamle Kaupangsvegen 188	89/1/0/1
Gamle Kaupangsvegen 198	89/1/0/0
Gamle Kaupangsvegen 200	89/5/0/0
Gamle Kaupangsvegen 201	89/2/0/0

Den nye adressa vil vera registrert i matrikkelen den 22.10.2020 og vil frå denne datoen vere eigedomen si offisielle adresse. Dette blir også postadresse dersom ikkje har postboks eller anna er avtalt med Posten.

Tildelt adresse er vist i adressekart som var utsendt saman med varselbrevet.

Adressa er også vist i Kommunekart.no (<https://kommunekart.com/klient/sognekart/sognekart>). Enkel rettleiing til korleis du finn fram til adressa her, finn du i «Vedlegg 2 til vedtak om adressetildeling».

Alternativt kan du kontakte Tenestetorget i kommunen på tlf. 57629600 eller på e-post postmottak@sogndal.kommune.no for hjelp til utskrift.

Offentlege verksemder som t.d. folkeregisteret, kommunen, posten og Simas hentar sine adresseopplysningar frå matrikkelen. Desse treng adressatane i utgangspunktet ikkje underrette særskilt om adresseendringa. Ved problem med post kan Posten på tlf. 04045 kontaktast for å sjå til at rett adresse er registrert hjå Posten etter **22.10.2020**.

At rett adresse er registert i folkeregisteret kan om ynskjeleg kontrollrast hjå folkeregisteret:

Postadresse:

**Postboks 153
6851 SOGNDAL**

Telefon: 57652500

Telefaks:

Bankgiro: 3705.39.85867

Org.nr: 922121893

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

<http://www.skatteetaten.no/Person/Folkeregister/>

Sjå også <http://www.flytteportalen.no/> for hjelp.

For alle andre kontaktar må adressatane sjølve melde adresseendring på vanleg måte (sjå Posten. no). For den som driv med utleige må huseigar ved mottak av dette brevet informere leigetakar om ny adresse, då kommunen ikkje har oversikt over leigetakarar.

Nærare om lovheimel:

Det er kommunen som er adressestyresmakt og fastset offisielle adresser. Sogndal kommune har politisk vedteke ei adresseforskrift, der rådmannen er **Adressemyndigheit** med ansvar for adresseforvaltninga i kommunen, medan formannskapet er **Namnemyndigheit** som vedtek vegnamn og skrivemåte for desse etter høyringsrunde der m.a. stadnamntenesta gjev tilråding.

Kommunale vedtak i strid med godkjend skrivemåte eller tilråding frå stadnamntenesta, må det reisast namnesak for. Kartverket har endeleg vedtaksrett i slike namnesakar.

I medhald av § 2 i lokal «Forskrift for namnsetjing, adressering, og adresseforvaltning i Sogndal kommune», er det formannskapet som har gjort vedtak om vegadressenamna etter at namnenemnda sine framlegg til vegnamn hadde vore ute på offentleg høyring.

Adressetildeling er heimla i Matrikkellova kapittel 4, § 21, og den lokale forskrifta §2.

Forskrifta bestemmer mellom anna at adressa skal knytast til den vegen som er godkjent som tilkomst til eigedomen eller bygningen, jf. matrikkelforskrifta § 50 fjerde ledd.

Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram, som til dømes for utrykkingskøyretøy. Ei tildelt adresse er såleis ikkje ein personleg rett.

Klagerett:

Vedtak om adressetildeling og endring av adresse kan klagast på i samsvar med Forvaltningslova kapittel VI. Klagen skal sendast skriftleg til Sogndal kommune innan 3 veker etter at denne meldinga om vedtak er motteken. Klageinstans er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, men klage skal sendast via kommunen. Ein klage skal ver grunngjeven, og underteikna av klagar.

Avgrensing i klagerett:

Matrikkellova § 46 bokstav f) gir klagerett på tildeling eller endring av offisiell adresse.

Matrikkelforskrifta § 22 avgrensar klageretten ved tildeling eller endring av offisiell adresse til å gjelde:

- a) kva gate/veg ein bygning eller eigedom skal ha adresse til
- b) kva adressetilleggsnamn eller matrikkeladressenamn som er tildelt adressa
- c) feil tildelt adressenummer eller brukseiningsnummer.

Ansvar for skilt

Vegnamnskilt og tilvisingsskilt vil bli oppsett av Sogndal kommune. Adressenummerskilt må eigar skaffa og setja opp sjølv. Krav til utforming og storleik går fram av vedlagde «Vedlegg 1 til vedtak om adressetildeling». Eventuelle spørsmål kan rettast til Sogndal kommune på telefon 57 62 96 00, eller e-post postmottak@sogndal.kommune.no

VEDLEGG 1 TIL VEDTAK OM ADRESSETILDELING:

Vegnamnskilt og tilvisingsskilt i dette adresseprosjektet er eller vil bli oppsette av Sogndal Kommune, medan husnummerskilt må eigar skaffa seg og setja opp sjølv. Husnummerskilt kan kjøpast/bestillast i byggvareforretningar og jernvareforretningar eller via ulike nettbutikker.

Lokal «Forskrift for namnsetjing, adressering og adresseforvaltning i Sogndal Kommune» seier :

§9 Skilting:

§9.2 *Eigar/festar av eigedom som har fått tildelt offisiell adresse av kommunen, pliktar å koste, sette opp og vedlikehalde husnummerskilt i samsvar med § 57 (2) i forskriftene til matrikkellova, og etter nærmare regler angitt i § 8*

§9.3 For eksisterande bygg/eigedomar som får tildelt adressenummer i vegadresse, skal nummerskilt vere sett opp innan 6 mnd. etter at adressetildelinga er gjort kjend. For nye bygg skal nummerskilt vere oppsett før bygget vert teke i bruk

§9.6 Kommunen kan i ta på seg innkjøp og utlevering av husnummerskilt. **NB! Dette er ei teneste kommunen ikkje kan tilby i dette adresseprosjektet**

§ 10. Plassering av skilt, materiale og utforming


§ 10.1 Husnummerskilt skal plasserast slik at dei tydeleg viser kva bygning/eigedom dei er knytte til, og vere plassert slik at dei er lett synlege frå gate/veg. Skilta skal haldast heile og reine, med tydelege tal og eventuell bokstav (stor). Der skilt vanskeleg kan sjåast frå vegen, skal nummerskiltet plasserast i høveleg høgd på port, inngjerding, stolpe eller anna eigna stad, som regel til høgre for inngang/innkøyrsløse.

§10.2 Eigar/festar pliktar å sørgjer for at nummerskilt er godt synlige, og ikkje er skjult av tre, busker, andre skilt mv.

§ 10.3 Nummerskilt skal som hovudregel stå ca.2,5 m over bakken, og så om mogleg til høgre for inngangsdører og innkøyrsløse frå veg.

§ 10.4 Materiale og utforming for skilt skal vere slik:

- a) Vegnamnskilt og tilvisingsskilt iht. Skiltforskrifta kap. II skilt 729.
- b) Husnummerskilt skal vere av aluminium eller anna rustfritt og haldbart materiale. Dei skal festast solid og haldbart.
- c) Skilta skal ha svarte tall og ev. bokstavar, samt svart kantbord på kvit eller lys reflekterande botn.
- d) Storleiken på skilta skal vere i samsvar med skiltrettleiaren gitt i adresserettleiaren utgitt av Statens kartverk. Skilthøgde 150 mm. og teksthøgde 105 mm.
- e) Andre skilttypar kan, etter godkjenning av adressemyndigheita, nyttast. Slike skilt må også vere av varig materiale, ha tydelige tall og ha god kontrast mot bakgrunnen.



VEDLEGG 2 TIL VEDTAK OM ADRESSETILDELING:

Enkel brukarrettleiing i bruk av Kommunekart til å finne adresse:

- Søk opp <https://kommunekart.com/klient/sognekart/sognekart> på internett
- Vel kommune SOGNDAL
- Vel ADRESSER
- Skriv ny adresse i søkefelt og vel SØK
- eller zoom inn i kart der adressa ligg

Med helsing
Sogndal kommune

Marte Bergum Hansen
oppmålingsingeniør

Jenny Stamnes
oppmålingsingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.